

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF  
**DATO:** 20.09.18  
**SAKSHANDSAMAR:** Olav Klausen  
**SAKA GJELD:** **Rapport frå verksemda**

**STYRESAK:** 57/18

**STYREMØTE:** 27.09.18

1 vedlegg

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

# Rapport frå verksemda, august 2018

---

## Innhald

1	Administrerende direktør si oppsummering.....	3
2	Økonomi .....	4
2.1	Økonomisk resultat .....	4
2.2	Investeringar.....	5
2.3	Likviditet .....	7
3	Aktivitet og kvalitet.....	8
3.1	Aktivitet .....	8
3.2	Kvalitet .....	9
3.2.1	Ventetid .....	9
3.2.2	Fristbrot .....	10
3.2.3	Korridorpatientar .....	11
3.2.4	Epikrise .....	13
3.2.5	Pasienttryggleik .....	13
4	Utskrivningsklare pasientar .....	14
5	Medarbeidar .....	15
5.1	Bemanning.....	15
5.2	Sjukefråvær .....	15
6	HMS.....	16

Avdeling: Alle avdelinger  
 År-Mnd: 201808

Økonomi

Aktivitet

HR

Venteliste





Avvik budsjett	2018-aug	Hittil i år	Månedsverk	2018-aug	Hittil i år	Hittil i fjor	Aktivitet (Dynamisk)	2018-aug	Plan	Avvik %	Hittil i år	Plan Hittil	Avvik %
Salgs- og driftsinntekter	-998	-9 778	Netto månedsverk	2 124,4	2330,4	2 326,4	Sykehusopphold Døgn	2 330	2 285	↑ 2 %	18 117	18 893	↓ -4 %
Varekostnad (uten innleie)	-3 061	2 325	Brutto månedsverk	2 991,0	2938,9	2 931,6	Sykehusopphold Dag	795	802	↓ -1 %	6 418	6 69€	↓ -4 %
Lønnskostnad (med innleie og bs)	3 948	24 974					Poliklinikk	16 855	16 307	↑ 3 %	141 060	137 019	↑ 3 %
Andre Driftskostnader	-86	411	Sykefraværsprosent	2018-aug	Hittil i år		Avdelingsopphold Døgn	2 479	2 485	↓ 0 %	19 437	20 527	↓ -5 %
Netto finans	-377	-3 423	Kort tid	2,8	3,5		Avdelingsopphold Dag	878	827	↑ 6 %	7 064	6 905	↑ 2 %
Korrigerings pensjonskostnader		0	Lang tid	3,2	3,9								
<b>Resultat</b>	<b>-574</b>	<b>14 510</b>	Totalt sykefravær	6,0	7,4								

Venteliste	Ventende	Behandla	Korridorpasienter	2018-aug	Hittil i år
Gj.snitt ventetid	57,6	67,8	Gj.snitt per dag	6,7	6,3
Antall Fristbrudd	90	92	Antall pasienter	209	1527

Langtidsventende	Ventende	Behandla
Langtidsventende (+365)	10	14
Langtidsventende (181-365)	161	72



# 1 Administrerende direktør si oppsummering

## **Økonomi**

I juli og august har drifta vore i økonomisk balanse. I juni var det eit underskot i høve til budsjett på om lag 7 MNOK. Dette gjev eit akkumulert budsjettavvik på 14,5 MNOK pr. 01.09.18.

## **Aktivitet**

Aktiviteten har variert mellom klinikkane i månaden men gjennomgåande høgare aktivitet for innlagde pasientar og poliklinisk aktivitet for føretalet sett under eitt.

## **Kvalitet**

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 68 dagar. Innan somatikken var ventetida for behandla pasientar 70 dagar (eigarkrav under 60 dagar), innan BUP-feltet 53 dagar (eigarkrav under 35 dagar), innan psykisk helsevern for vaksne 42 dagar (eigarkrav under 40 dagar) og innan rusfeltet 96 dagar (sjå eigen forklaring, eigarkrav under 30 dagar).

10 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

90 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Fire av fem av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

## **Utskrivningsklare pasientar**

Talet på utskrivningsklare pasientar er høgt. I august var det 54 pasientar som tilsaman låg 172 døgn i sjukehusa i føretaket medan dei venta på eit tilbod frå heimkommunen.

## **Korridorpatientar**

Talet på korridorpatientar har gått monaleg opp. 2,9 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden. Dette skuldast nedtak av senger i sommar og utskrivningsklare pasientar.


## **Medarbeidar**

Sjukefråværet var seks prosent pr. 01.09.18

## 2 Økonomi

### 2.1 Økonomisk resultat

Resultatet for perioden juni til august syner eit underskot på 1,986 MNOK mot eit budsjettert overskot på 5,090 MNOK. Dette gjev eit negativt budsjettavvik på 7,076 MNOK. Akkumulert er overskotet på 12,830 MNOK, som er 14,510 MNOK lågare enn budsjettert.



Helse Fonna	Denne Perioden		
	Faktisk	Budsjett	Avvik budsjett
Inntekter aktivitetsbasert (inkl ISF)	86 582	86 266	316
Rammeinntekt og tilskudd	205 129	204 538	591
Andre inntekter	2 789	2 698	91
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>294 501</b>	<b>293 502</b>	<b>998</b>
Varekostnad aktivitet	29 331	30 420	-1 089
Annen varekostnad/tjenestekjøp	9 951	11 923	-1 972
Personalkostnad ordinær drift	191 388	192 710	-1 322
Overtid og ekstrahjelp	12 520	11 418	1 102
Innleie av personell	6 107	1 938	4 168
ADK	32 357	32 486	-129
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>281 654</b>	<b>280 897</b>	<b>758</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>12 846</b>	<b>12 606</b>	<b>241</b>
Av- og nedskrivning	10 676	10 632	44
Netto finans	-456	-79	-377
<b>Resultat</b>	<b>2 626</b>	<b>2 053</b>	<b>574</b>
Korrigert pensjonskostnad			
Korrigert Resultat	2 626	2 053	574

Hittil		
Faktisk	Budsjett	Avvik budsjett
735 279	733 062	2 217
1 416 001	1 410 848	5 153
24 248	21 840	2 408
<b>2 175 529</b>	<b>2 165 751</b>	<b>9 778</b>
248 281	245 718	2 563
95 783	96 021	-238
1 365 305	1 367 017	-1 712
80 062	74 677	5 385
28 868	7 567	21 301
263 162	262 093	1 069
<b>2 081 461</b>	<b>2 053 093</b>	<b>28 369</b>
<b>94 067</b>	<b>112 658</b>	<b>-18 591</b>
85 294	85 952	-658
-4 057	-634	-3 423
<b>12 830</b>	<b>27 340</b>	<b>-14 510</b>
		0
12 830	27 340	-14 510

### Negative resultatbidrag

ISF-inntektene for egen aktivitet innan somatikk var i perioden juni til august 6,1 MNOK lågare enn budsjettert. I same perioden var det eit overforbruk av personalkostnader på 14,2 MNOK. Av dette kjem 10,3 MNOK frå eksternt innleie av personell og 4,7 frå fastlønn.

Natt til 12.juli oppdaga tilsette ved fødeavdelinga på Stord sjukehus drypp frå himling i fløyens underetasje. Som følgje av brot på vannrøyr i første etasje ble nærmare 30 rom vannskada, både i fødeavdelinga og poliklinikken. Rask og god innsats frå tilsette ved sjukehuset bidro til å redusera skadeomfanget. Reparasjonskostnadane er så høge at dette blir ei forsikrings sak. Eigenandel for føretaket er NOK 1,0 mill. Leing og personale ved avdelingane er i gong med planlegging for eiga drift medan utbetring pågår. Forsikrings selskapet Protector og takstfirma Bjørsvik vil ha hand om anbod på utbetring og oppfølging av arbeidet. Grunna anbodsprosess og det faktum at dette er lokaler i drift gjer at utbetringa tar tid. Antatt fysisk oppstart i november og ferdigstilling februar 2019. Foretaket har også avbrottsforsikring, det er førebels uklart om den kjem til nytte.

### **Positive resultatbidrag**

Kostandane med H-reseptlegemiddel visar i perioden juni til august eit forbruk som er 5,7 MNOK lågare enn budsjettert. Akkumulert er besparelsen i forhold til budsjett på 13,4 MNOK. Dette kjem i hovudsak av betre prisar på legemidla, men og av ein variasjon i talet på pasientar som brukar dei dyraste legemidla.

## **2.2 Investeringar**

Ny MR ved Haugesund sjukehus ble sett i drift i drift i april. Sluttsummen for ombyggingsarbeida ble noko høgare enn opphavleg budsjettert. Gammel MR er tatt ut av drift men er så langt ikkje blitt fjerna. Ein vurderar alternative løysingar for å demontere og fjerne maskina.

Prosjekt rehabilitering av tak på Søsterheimen Valen har god framdrift og i følgje avtalen skal oppdraget være ferdig i oktober.

Ultimo juni ble det inngått avtale om rehabilitering av varmesentral både i Odda og på Valen. Varmesentralen på Valen ble ferdigstilt primo september, medan varmesentralen i Odda er planlagt ferdigstilt primo oktober.

Ultimo juli ble arbeidet med å rehabiliterer fleire bad inklusiv avløpsrøyr i M-blokk ved Haugesund sjukehus ferdigstilt. Ein har påbyrja arbeidet med å planlegg for rehabilitering av fleire av bad/røyr i same blokk med målsetjing om ferdigstilling før årsskiftet.

Brannsikring Stord pågår. Ein reknar med å utføre resterande punkt i handlingsplanen i år.

Det er iverksett eit arbeid med å rehabilitere brannalarmanlegget ved Odda og Valen sjukehus. Tiltaket innebær bl a at ein skifter ut gamle branddetektorar. Tiltaket er naudsynt som følgje av at det ikkje lenger er mogleg å fremskaffe reservedelar til detektorane. Målsetjinga er at begge tiltaka skal ferdigstilast før årsskiftet.

Ein planlegg også å oppgradere eksisterande SD anlegg (sentralt driftsanlegg) ved Stord sjukehus før årsskiftet.

Ein planlegg også å oppgradere eksisterande SD anlegg (sentralt driftsanlegg) ved Stord sjukehus før årsskiftet.

I investeringsbudsjett er det sett av midlar til bl a rehabilitering av eksisterande adgangs-kontrollanlegg og rehabilitering av sentralt driftssystem (SD) ved Haugesund sjukehus. Etter ei vurdering har ein konkludert med at det ikkje viil være føremålstenelig å setje i verk desse prosjekta ettersom ein først ønskjer å få avklart hvilke løysiingar som blir beslutte i prosjekt ByggHgsd2020.

Ei slik avklaring vil truleg ikkje foreligge før november/desember 2018. Desse to prosjekta kombinert med forsinkelsar i nokre mindre prosjekt har ført til at prognosen for 2018 er justert frå NOK 42,3 mill til NOK 36 – 37 MNOK.


Det er hittil i år er det gjennomført MTU-investeringer på 21,8 MNOK. ByggHaugesund2020 har ei investering på 61,6 MNOK hittil i år.

Investeringer 2018						
Bygg	Ramme	Brukt hittil i 2018	Prognose	Løpende prognose	Avvik ramme vs prognose	
Brannoppgradering Stord	1 000	18	500	kr	-	500
Reinvestering i Bygninger	14 535	7 106	12 540	kr	-	1 995
Ombyggingar MTU installasjonar	4 000	4 589	5 530	kr	-	-1 530
HMS	500	-	-	kr	-	500
<b>Bygg Totalt</b>	<b>20 035</b>	<b>11 768</b>	<b>18 570</b>			<b>1 465</b>
<b>Tekniske anlegg</b>						
Reinvestering i tekniske anlegg	13 335	5 713	9 100	kr	-	4 235
<b>Tekniske anlegg Totalt</b>	<b>13 335</b>	<b>5 713</b>	<b>9 100</b>			<b>4 235</b>
<b>Medisinsk teknisk utstyr</b>						
Investeringer påbegynt i 2017, men som avsluttes i 2018	21 500	20 439	21 500	kr	-	-
Enkeltkjøp under 5 mill	25 000	1 334	25 000	kr	-	-
<b>Medisinsk teknisk utstyr Totalt</b>	<b>46 500</b>	<b>21 773</b>	<b>46 500</b>			<b>-</b>
<b>PROSJEKT BYGG 2020</b>						
Forprosjekt Bygg2020	200 000	61 642	200 000	kr	-	-
<b>PROSJEKT BYGG 2020 Totalt</b>	<b>200 000</b>	<b>61 642</b>	<b>200 000</b>			<b>-</b>
<b>Andre investeringer</b>						
Ambulansar og administrative kjøretøy	6 500	3 875	6 500	kr	-	-
Anna utstyr	2 430	1 621	2 690	kr	-	-260
<b>Andre investeringer Totalt</b>	<b>8 930</b>	<b>5 496</b>	<b>9 190</b>			<b>-260</b>
<b>Investeringer 2018</b>	<b>288 800</b>	<b>106 393</b>	<b>283 360</b>			<b>5 440</b>

### ByggHgsd2020

Beløp i heile tusen kroner	Totalt		Investert i		
	ByggHgsd2020	2016/2017	Investert i 2018	Investert totalt hittil	Nå-2023
Investering (i 2017 kroner)	1 928 571	108 022	61 642	169 664	1 758 907
Bruk av finansieringsgrunnlag(30% egenfinansiering)	578 571	108 022	61 642	169 664	408 907
Bruk av lån	1 350 000	0	0	0	0
Opptent ikkje brukt finansieringsgrunnlag				183 358	
Opptent finansieringsgrunnlag både brukt/ubrukt				353 022	225 549

## 2.3 Likviditet





## 3 Aktivitet og kvalitet

### 3.1 Aktivitet

Den polikliniske aktiviteten innan Psykisk helsevern låg 7% over budsjett for august måned. Dette trass i fleire ledige behandler-stillingar ved poliklinikkane. Året under eitt viser at aktivitetsnivået hittil ligg 6% over budsjett. Kapasitet ved dei allmenpsykiatriske poliklinikkane vert godt utnytta gjennom dei ulike verktøya innført i "Alle møter"-prosjektet. Sentralt er bruk av strukturert timebok og sms funksjoner for innkalling og påminning til time. Ved døgnavdelingane er det ein svært varierende grad av kapasitetsutnytting. FDPS og SDPS har lavt belegg, mens HDPS og Valen sjukehus har eit høgt belegg. Det er planlagt oppstart av elektiv ECT behandling ved SDPS. Dette vil føre til betre kapasitetsutnytting på døgn ved SDPS. Vidare vert det arbeidd med å optimalisere flyt mellom sjukehusavdelingane i klinikken og DPS for å få ned beleggsprosent på sjukehusnivå. Beleggsprosent for heile klinikken i august var på 79,1%.

I somatisk klinikk Stord har den polikliniske aktiviteten vore høgare enn budsett både i august og hittil i år med høvesvis 4% og 1%. Det har blitt gjennomført ulike tiltak for å halde nede ventetid og sikre at utgreiingar blir gjennomførde innan fristen. Sjukehusopphald døgn låg 3% over budsjett i august og 2% under budsjett så langt i året, medan sjukehusopphald dag låg 6% under budsjett i august og 1% under året under eitt.

Kirurgisk klinikk, Haugesund sjukehus har i august hatt ein poliklinisk aktivitet 2% over budsjett. Poliklinisk drift har vore prioritert for å kunne innfri fristkrav til utgreiing. Det er ei jamn poliklinisk aktivitet over heile året som ligger på same nivå over budsjett. I august måned har det og vore stort press på sengepostane i klinikken. 6% over budsjett vis resultatet. Dagkirurgisk aktivitet har vore redusert etter plan samstundes som talet på pasientar som ligg på sykehuset under eitt døgn og er lågare, 6% under plan/budsjett.

Døgnopphalda i medisinsk klinikk har vore 5% over budsjett. Klinikken har også behandla fleire pasientar på dagopphald. 14% over budsjett. Poliklinikkdrifta ligg på det planlagde nivået. Ved Odda sjukehus har det vore ei auke på dagopphald på 41% utover det planlagde og ei reduksjon på 16% på døgnopphald. Poliklinikkane ved Odda sjukehus har hatt 6% høgare aktivitet enn planlagd.

## 3.2 Kvalitet

### 3.2.1 Ventetid

#### Klinikk for psykisk helsevern:

Innan VOP er ventetid behandla på 42 dagar, mens ventetid ventande er på 37 dagar. Dette er godt innanfor det nasjonale målkravet, men så vidt over den regionale målsetninga på 40 dagar. Det er skilnader mellom dei ulike DPS mhp ventetid der HDPS har lengst ventetid behandla med 49 dagar og SDPS har kortast ventetid med 33 dagar. Det vert arbeidd med rekruttering i ledige stillinger, utnytting av eksisterande kapasitet gjennom dei ulike verktøy i «Alle Møter»-prosjektet samt omfordeling av ressurser mellom sjukehus og dei ulike DPSa, for å sikre at ein når den regionale målsetninga. For TSB er ventetid behandla på 39 dagar i poliklinikk. Ved døgnavdelingane som tilbyr planlagt avrusing og lengre rehabiliteringsopphald er ventetid behandla på 42 dagar. I styringsportalen (verktøy for talgrunnlag) er det ein feilregistrering i august på to pasientar som gjev ventetid behandla på 96 dagar. Feilen er retta 11.09.18.

Innan BUP-feltet er ventetid behandla på 53 dagar og 31 dagar for ventande. Dette er innanfor det nasjonale målkravet, men over den regionale målsetninga på 40 dagar. BUP Stord har ei ventetid på 22 dagar for behandla, mens BUP Haugesund har 60 dagar. Det er iverksatt ei lang rekkje tiltak for å nå den regionale målsetjing mhp ventetid behandla innan BUP-feltet. Dei polikliniske tenestene er omorgansierte for å sikre meir effektive pasientforløp, det er utarbeidd ny standard for utgreiing, det er inngått samarbeid mellom dei to BUPane og DPSa mhp overføring av pasientar for utgreiing/behandling samt rekruttert inn nytt personell. Effekten av tiltaka på ventetid vil komme i løpet av hausten 2018. Frå juli til august er venteliste ved BUP Haugesund redusert frå 70 til 53 pasientar som eit resultat av disse tiltaka. Det er ingen fristbrot ved nokon av BUPane.

Pr 31.08.2018 var ventetid for behandla pasientar 50,5 dagar ved Somatisk klinikk Stord, medan ventetid for ventande var 53,3 dagar. Ventetida er lågare enn på same tid i fjor.

I Kirurgisk klinikk er ventetid for behandla pr 31.08.2018 69,8 dagar. Ventetid for ventande er på same tid 60,7 dagar. Det er over det nasjonale målkravet. Ventetida er lågare enn på same tid i fjor. Det er ei redusert drift på operasjonsstogane om sommaren som er skuld i at hausten starter med lengre ventetid. Om sommaren er det drift på 2 operasjonsstogar 9 veker. I tillegg er dagkirurgisk eining stengt 6 veker om sommaren. Dette har vore naudsynt

for å kunne handtere akutte pasientar og pasientar som er i pakkeforløp. Det er streng prioritering på operasjonsstovene. Fagområda har prioriteringsmøtar kvar torsdag.

Medisinsk klinikk har 58,3 dagar i gjennomsnittleg ventetid på ventande ved utgongen av august. Det skuldast at det er behandla fleire pasientar som har venta lenge både i juli og august. I august var ventetid på behandla 78,7 dagar. Det er langt over det nasjonale måлтаlet. Det er all grunn til å tru at ventetida på behandla vil gå ned dei neste månadene. Somatisk seksjon i Odda har starta med optimal timetildeling. Det har vore ein positiv prosess der det har vore eit spesielt fokus på avansert oppgåveplanlegging og at andelen pasientar som får time i første brev skal aukast. Det er utarbeidd ein utrullingsplan for innføring av optimal timetildeling i andre seksjonar i Medisinsk klinikk.

### 3.2.2 Fristbrot

*Brot på frist for seinaste forsvarlege start helsehjelp, i absolutte tal og i prosent av aktuell gruppe. HELSE FONNA HF i 2018-aug. Alle fagområde, alle omsorgsnivå*

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2017-aug	95	2 %	122	6 %	217	3 %	113	5 %
2017-sep	86	1 %	83	3 %	169	2 %	84	4 %
2017-okt	50	1 %	94	4 %	144	2 %	69	3 %
2017-nov	32	0 %	72	3 %	104	1 %	67	3 %
2017-des	35	1 %	27	1 %	62	1 %	31	1 %
2018-jan	69	1 %	62	2 %	131	1 %	54	2 %
2018-feb	92	1 %	59	2 %	151	2 %	91	3 %
2018-mar	105	2 %	72	3 %	177	2 %	98	3 %
2018-apr	76	1 %	127	5 %	203	2 %	114	4 %
2018-mai	67	1 %	98	4 %	165	2 %	113	4 %
2018-jun	53	1 %	84	3 %	137	2 %	93	4 %
2018-jul	70	1 %	49	3 %	119	1 %	82	3 %
2018-aug	90	2 %	92	4 %	182	2 %	131	6 %

Tal pr. 01.09.18


Det er registrert eitt fristbrot innan psykisk helsevern for vaksne og TSB. Dette er ein feilregistrering i DIPS overført frå private ideelle institusjoner. Klinikken har utvikla gode kontrollrutiner for å fange opp slike feilregistreringar.

Ved somatisk klinikk Stord var det 34 fristbrot for ventande per 31.08.2018. 22 av desse var knytta til urologi der klinikken får legeressursar frå Kirurgisk klinikk. Det er ein tett dialog mellom klinikkane i forhold til utfordringa, og det blir arbeida med ulike tiltak. 8 fristbrot er innan lunge og heng saman med fråvær overlege. Det er berre ein lungespesialist ved klinikken.

Kirurgisk klinikk hadde 17 fristbrot for ventande ved periode slutt. 11 av desse tilhørde Urologisk seksjon. Seksjonen har hatt utfordringar knytta til rekruttering. Det har vore jobba med tiltak for å rekruttere vikarar inn i påvente av fast rekruttering til 2 stillingar. I den eine stillinga er det ein LIS i gruppe 1 teneste ved Helse Bergen. Det er verd å merke seg at store fagområder som ortopedi, Auge/nase/hals og gynekologi ikkje har pasientar som har hatt fristbrot.

Medisinsk klinikk hadde 38 fristbrot for ventande ved utgongen av august. Det var veldig jevnt fordelt med seksjonar som hadde 1-3 fristbrot. 13 fristbrot var ved Somatisk seksjon Odda. Det var i hovudsak brot på fristen til pasientar som venter på colonscopi. Det har og vore 7 fristbrot på den same pasientgruppa ved Haugesund sjukehus. Medisinsk klinikk har gjort ei endring i arbeidet med desse pasientane som diverre medførte fristbrot i sommar. Frå september er ei ny ordning på pass og tala vil endre seg. Betre planlegging med optimal timetildeling vil og medføre ei betre oversikt over pasientar på venteliste.

### 3.2.3 Korridorpasientar



Tal pr. 01.09.18


I styringsportalen er det registrert 21 korridorpasientar innan Klinikk for psykisk helsevern. Dette skuldast feilregistrering av pasientar på permisjon ved KDPS.

I Somatisk klinikk Stord var det i gjennomsnitt 1,5 pasient på korridor kvar dag i august, gjennomsnittet hittil er 1,2 pasient kvar dag. Hovudårsaken til korridorpasientar er mangel på einerom. Det er ikkje alltid overbelegg på dagar med korridorpasientar, men fleirmannsrom må nyttast til pasientar som treng skjerming og/eller isolering. Retningslinje for handtering av overbelegg og korridorpasientar ved Stord sjukehus blei revidert i fjor, og har ført til at det er ein tettare dialog mellom dei ulike sengepostane for å finne løysingar. I sommar blei det gjennomført kapasitetsmøter alle vekedagar. Det er fokus på å bruke obs-senger og obs-stolar i akuttmottak, slik at ein unngår innleggingar som ikkje er nødvendige. I tillegg er det tett dialog med kommunar i forhold til ferdigbehandla pasientar.

I Kirurgisk klinikk har det vore 1,7 pasientar i gjennomsnitt på korridor kvar dag. Ortopedisk sengepost har ikkje hatt nokon korridorpasientar. Det skuldast først og fremst ei god planlegging då sengeposten har hatt 3% høgare tal på sykehusopphald en planlagd. Korridorpasientane har vore på gastrokirurgisk/urologisk sengepost. Sengeposten har i august hatt fleire pasienter som har vore utskrivningsklare og venta på å komme heim til kommunen. Det jobbes systematisk med å unngå korridorpasientar ved sengepostane i Kirurgisk klinikk.

I Medisinsk klinikk har det vore 3,6 pasientar i gjennomsnitt på korridor kvar dag, fordelt på 6 sengepostar. Det er eit høgare tal enn i fjor sommar. Medisinsk klinikk hadde stengt fleire senger i sommar og hadde samdrift ved 4 einingar. Det er gjort ei evaluering av sommarorganiseringa. I klinikken opplevde nokre einingar opphopning av utskrivningsklare pasientar. Ved Geriatrisk sengepost, med sine 7 sengar hadde ein pasient frå kommunane kvar dag. Sengepostane ved Haugesund sjukehus hadde eit høgt belegg i august. Det var daglege driftsmøtar med sengepostledere kvar morgon. Opptaksområda blei endra mellom sjukehusa ved nokre tilfeller og Kirurgiske sengepostar avlasta etter beste evne.

### 3.2.4 Epikrise



Tal pr.01.09.18

I august var talet for epikrisar sendt innan 7 dagar på 81% totalt for Helse Fonna, noko som er ein liten nedgang frå førre månad. Kirurgisk klinikk ligg på ein prosentandel som på månad med 72%, noko som er ein nedgang frå dei førre månadane, medan Medisinsk klinikk har ein andel på 82%, noko som er litt ned. Klinikk for psykisk helsevern har andel på 85%, noko som er litt ned frå førre månad. Klinikk somatikk Stord sin andel og låg på 81% og er ein jamt med dei andre månadane sidan sist rapportering.


### 3.2.5 Pasienttryggleik

Andelen pasientar i Helse Fonna som blir vurdert med tanke på risiko for fall, trykksår og ernæring (trygg pleie) er rimeleg stabil frå januar til og med august 2018 med ein liten nedgang i juli månad. Helseføretaket når ikkje målet om at ein median på 90 % skal bli risikovurderte. I august var median for risikovurderte for fall er 65%, for trykksår 54 % og for ernæring er 50%. Enkelt einingar har stabil og god måloppnåing. Klinikane har prioritert tema i oppfølgingsmøter med seksjonar og einingar, og kvalitetsmedarbeidar i føretaket gir støtte til forbetningsarbeid.


Helse Fonna har stabil og god måloppnåing (median over 95%) når det gjeld registrert bruk av WHO si sjekklister for Trygg kirurgi. Det er eit pågåande arbeid for å sikre rett bruk av sjekklister.

## 4 Utskrivningsklare pasientar

I sommerånadene juni, juli og august har det vore høgt belegg for utskrivningsklare pasientar og liggjedøgn. I august var det 54 pasientar som tilsaman låg 172 døgn i sjukehusa i føretaket medan dei venta på eit tilbod frå heimkommunen. 139 av alle overliggjedøgn var for pasientar som er busett i Karmøy kommune. Det var vore tett dialog med kommunen om utskrivningsklare pasientar, men det har så langt ikkje ført til endring i situasjonen.



Antall liggjedøgn for utskrivningsklare pasientar



Utskrivningsklare pasientar

## 5 Medarbeidar

### 5.1 Bemanning

Brutto månadsverk hittil i år er 2.939. Dette er 7 fleire enn for same periode føregående år.

For august 2018 er brutto månadsverk 2.991.

Netto månadsverk hittil i år er 2.330. Det er 1 meir enn for same periode føregående år. For august 2018 er netto månadsverk 2.124.

### 5.2 Sjukefråvær

Føretaket har eit registrert sjukefråvær på 6,0 prosent i august måned, mot 6,5 prosent i august 2017.

Kortidsfråværet er 2,8 prosent og langtidsfråværet 3,2 prosent i august 2018.

Kortidsfråværet er redusert med 0,1 prosent, medan langtidsfråværet er redusert med 0,4 prosent samanlikna med august 2017.

I august måned var eigenmeldt fråvær 0,9 prosent og sjukemeldt fråvær 5,1 prosent.

Hittil i år er sjukefråværet 7,4 prosent. Korttidsfråværet er 3,5 prosent og langtidsfråværet 3,9 prosent. Eigenmeldt fråvær er 1,2 prosent og sjukemeldt fråvær er 6,2 prosent hittil i år.

Følgjande klinikkar/omåde har høgast fråvær per august 2018:



- Økonomi området har eit sjukefråvær på 9,2 prosent (2,0 prosent er eigenmeldt og 7,2 prosent sjukemeldt), mot 6,9 prosent august 2017
- Internservice området har eit sjukefråvær på 7,9 prosent (0,8 prosent eigenmeldt og 7,1 prosent sjukemeldt), mot 6,7 prosent august 2017.
- Klinikkk for psykisk helsevern har eit sjukefråvær på 7,2 prosent (1,1 prosent eigenmeldt og 6,1 prosent sjukemeldt), mot 7,7 prosent august 2017.

## 6 HMS

### Uønska hendingar HMS/ansatteskarar i perioden (august) - Statistikken er tatt ut

14.09.18.

Uønska hendingar	August 2017	August 2018	Per aug 2017	Per aug. 2018
Usortert (ikkje sakshandsama)	2	26	7	61
Med konsekvens	17	6	149	100
Utan konsekvens	18	23	225	319
SUM	37	55	381	480

Tal på melde saker som gjeld vald og truslar er aukande:

Vald og truslar	Per aug 2017	Per aug 2018
Vald	100	111
Truslar	57	89
SUM	157	200

### Eksempel på saker i perioden:

- Slag, spark og klyping frå pasient mot personale
- Verbale truslar frå pasient
- Mangel på skjermingsrom for pasientar
- Overskridelse av stråledosar for ein 2-månedperiode for tilsett på radiologisk seksjon

### Alvorlege saker

I august er det ikkje meldt om skadar der det har vore sjukefråvær eller skadar som vert kategorisert som medisinsk behandlingsskade eller varig mén.